



Arkivnr: 2016/4130-5

Saksbehandlar: Odd Bjarne Berdal

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.05.2016

## Open høyring - rullering Skulebruksplanen 2017-2030

### Samandrag

Hordaland fylkeskommune sin gjeldande skulebruksplan for perioden fram mot 2025 vart handsama og vedtatt av fylkestinget 12. desember 2012 og 13. mars 2013. I november 2015 vedtok fylkesutvalet (PS280/15) at denne planen skulle rullerast i 2016. Rulleringa tek utgangspunkt i vedteken Skulebruksplan og vedtak som har påverka skulestrukturen etter dette. Rulleringa vurderer skulestrukturen fram mot år 2030 og legg til grunn dei same kriteria for skulestruktur som i den opphavlege skulebruksplanen.

Hovudmålet i arbeidet har vore å utarbeide eit rullert forslag til skulestruktur i 2030. I tilnærminga til dette er det gjort to sentrale grep med utgangspunkt i kriteria for skulestruktur som gjeld lokalisering og reisetid. For å sikre eit breitt skuletilbod i heile fylket er det Hordaland fylkeskommune sin vedtekne regionsenterstruktur som gir hovudretninga for skulestrukturen. Dette sikrar eit skuletilbod i heile fylket og bidreg til at kollektivplanar og offentleg og privat tenesteproduksjon vert sett i samanheng. Reisetid er ein annan viktig premiss. Skular utanfor Bergen som ikkje ligg i eit regionsenter, bør gi eit betydeleg bidrag til at ungdommar i fylket ikkje har meir enn 1 time reisetid til eit offentleg skuletilbod.

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtek å legge forslag til rullert Skulebruksplan ut på open høyring. Høyringsfrist er 1. juli 2016.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 07.05.2016**

Hordaland fylkeskommune sin gjeldande skulebruksplan for perioden fram mot 2025 vart handsama og vedtatt av fylkestinget 12. desember 2012 og 13. mars 2013. I november 2015 vedtok fylkesutvalet (PS280/15) at denne planen skulle rullerast i 2016. Rulleringa tek utgangspunkt i vedteken Skulebruksplan og vedtak som har påverka skulestrukturen etter dette. Rulleringa vurderer skulestrukturen fram mot år 2030 og legg til grunn dei same kriteria for skulestruktur som i den opphavlege skulebruksplanen.

Hovudmålet i arbeidet har vore å utarbeide eit rullert forslag til skulestruktur i 2030. I tilnærminga til dette er det gjort to sentrale grep med utgangspunkt i kriteria for skulestruktur som gjeld lokalisering og reisetid. For å sikre eit breitt skuletilbod i heile fylket er det Hordaland fylkeskommune sin vedtekne regionsenterstruktur som gir hovudretninga for skulestrukturen. Dette sikrar eit skuletilbod i heile fylket og bidreg til at kollektivplanar og offentleg og privat tenesteproduksjon vert sett i samanheng. Reisetid er ein annan viktig premiss. Skular utanfor Bergen som ikkje ligg i eit regionsenter, bør gi eit betydeleg bidrag til at ungdommar i fylket ikkje har meir enn 1 time reisetid til eit offentleg skuletilbod.

Fylkesrådmannen tilrår at forslag til rullert Skulebruksplan vert lagt ut på open høyring med høyringsfrist 1. juli 2016.